

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

STAD: Haugesund sjukehus
MØTETIDSPUNKT: 24.11.17 kl. 09.00 – 11.30

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Brian Bjordal	Nestleiar
Hilde Brit Christiansen	Medlem deltok pr. telefon.
Gunnar Birkeland	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Helge Espelid	Medlem
Tove Martha Callaghan	Medlem

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Margareth Langebro	Kommunikasjonssjef
Ingebjørg Kismul	Administrasjonssjef
Jan Håvard Frøyland	Økonomidirektør

Leiar av brukarutvalet i Helse Fonna
Laila Stensletten

Forfall frå styremøtet

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Solfrid Borge	Medlem

SAKLISTE

Sak 77/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak 78/17	Godkjenning av protokoll 29.09.17	Vedlagt
Sak 79/17	Administrerende direktør si orientering	Vedlagt
Sak 80/17	Rapport frå verksemda	Vedlagt
Sak 81/17	Budsjett Helse Fonna HF 2018	Vedlagt
Sak 82/17	Investeringsbudsjett Helse Fonna HF 2018	Vedlagt
Sak 83/17	Årsplan for styret i Helse Fonna HF 2018	Vedlagt
Sak 84/17	Internrevisjon av Forskingsaktiviteten i Helse Vest	Vedlagt

UNDERLAG

Saker til orientering

Sak 85/17	Eventuelt Skriv og meldingar	Vedlagt
-----------	---------------------------------	---------

Sak 77/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Sak 80/17 blir behandla etter sak 82/17

To nye punkt til sak 79/17, administrerende direktør si orientering, blir behandla i lukka sak.

Notat nr. 4 i sak 79/17 blir behandla i lukka sak.

Lukka sak blir behandla etter sak 85/17

Vedtak [samrøystes]

Innkalling og dagsorden ble godkjent

Sak 78/17 Godkjenning av protokoll frå styremøte 26.10.17**Vedtak [samrøystes]**

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 26.10.17

Sak 79/17 Administrerende direktør si orientering**OPE DEL****1. Rapportering tilsynssaker**

Notat tilsynsrapportering blei delt ut i møtet.

2. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrerende direktør viste til vedlagt notat

3. Status rekruttering i Odda

Klinikkdirektør Berit Haaland orienterte om status for rekruttering av leger ved Odda sjukehus. Ein tilsett kirurg har sagt opp. Det er lyst ut to legestillingar med søknadsfrist i desember. Det er søkjarar til disse to stillingane. Det arbeidas for eit tettare samarbeid mellom legane i Helse Fonna.

5. Utviklingsplan

Administrerende direktør innleia og refererte til Helseministerens budskap om å skape pasientens helseteneste.

Prosjektleiar Reidun Mjør illustrerte korleis helsetilbod, behov og etterspørsel av helsetenester blei opplevd av brukarar i ny og gammal tid. Ho fortalte om mor si fødd i 1923 og dotter si fødd i år 2000 og deira forventningar til helsetilboda.

Styret diskuterte og reflekterte over utviklinga av pasientens helseteneste.

6. Kvalitetsdagane

Fagdirektør Haldis Lier og kommunikasjonssjef Margareth Langebro informerte om gjennomførte kvalitetsdagar i Helse Fonna 2017.

Vedtak [samrøystes]

Styret tek meldingane til orientering

Sak 81/17 Budsjett Helse Fonna HF 2018

Følgjande skriv blei delt ut til styremedlemmene før handsaming av saka:

Brev frå Odda kommune ved ordførar Roald Aga Haug datert 23.11.17 «Rammer for drift av Odda sjukehus»

Åpent brev til styret i Helse Fonna « Ingen nye kutt ved Odda sjukehus»
frå Fagforbundet i Odda v/Dijana Milicevic Saga (leder) og
LO i Indre Hardanger v/Terje Kolbotn (leder)

Protokoll frå drøfting med tillitsvalde og føretakshovedverneombod 14.11.17
Budsjett 2018 Helse Fonna HF , Investeringsbudsjett 2018 Helse Fonna HF

Protokoll frå AMU møte 15.11.17 sak 87/17 Budsjett

Oppsummering

Tildeling av førebels rammer frå Helse Vest RHF er lagt til grunn i budsjett 2018 for Helse Fonna HF. Budsjettet blir fremja med eit positivt resultat på 40 millionar kroner. Budsjettprosessen starta primo juni og føretaket har lagt opp prosessen etter budsjettkalender frå Helse Vest RHF.

Helse Vest legg følgjande føringar til grunn for handsaminga av budsjettet:

- Helseføretaka skal nytte rammebudsjettering som metode for 2018
- Budsjettet skal byggja på inntektsføresetnader og resultatkrav gitt av eigar
- Rammene skal være budsjettert til lågaste organisasjonsnivå i føretaket

I statsbudsjettet blir nye oppgåver tillagt helseføretaka utan tilsvarende auke i rammeoverføringane. I tillegg vil enkelte kostnader som til dømes legemidlar og IKT auke meir enn prisveksten skulle tilseie. Med ein styringsfart i 2017 som viser eit akkumulert resultat pr. oktober som er 40,8 millionar kroner lågare enn budsjett, vil det vere naudsynt å gjennomføra omstillingar i 2018 for nå resultatkravet.

For å skape rom for pasientretta tiltak og til å setje av midlar for framtidige investeringar, vil det fortsatt vera naudsynt å gjennomføre kostnadsreducerande tiltak for å kome på rett kostnadsnivå. For å sikre gjennomføringsevna av tiltaka har føretaket lagt stor vekt på involvering og forankring i organisasjonen; både leiarar, tillitsvalde og verneombod. Budsjettprosessen er gjennomført med fleire handsamingar i dei ulike leiarnivåa for å sikre god og brei forankring av dei prioriteringane som er gjort.

Helse Vest RHF presiserer at dersom helseføretaka ynskjer å prioritere nye oppgåver eller å endra behov, må desse finansierast innafor den økonomiske ramma som er fordelt gjennom inntektsramma.

Budsjettet er drøfta med dei tillitsvalde 14.11.17 og handsama i arbeidsmiljøutvalet 15.11.17.

Tiltak som krev endringsprosessar vil bli drøfta og gjennomført i tråd med retningsliner for dette. Det vil bli tatt omsyn til arbeidsmiljø, kvalitet og pasienttryggleik i det vidare arbeidet, i samarbeid med vernetenesta og medarbeidarane sine organisasjonar. Administrerande direktør planlegg å gjennomføre tiltaka utan at fast tilsette mister jobben.

Dei fire kjerneoppgåvene til spesialisthelsetenesta er: Pasientbehandling, utdanning av helsepersonell, forskning og opplæring av pasientar og pårørande (jf. § 3-8 i spesialisthelsetenestelova).

Statsbudsjettet for 2018 peiker på følgjande satsingsområder

- Redusera unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnytting
- Prioritere psykisk helsevern og tverrfaglig spesialisert rusbehandling
- Betre kvalitet og pasienttryggleik
- Samordning på tvers av regionane

- Organisering og styring av spesialisthelsetenesta
- IKT
- Økonomistyring og betre ressursutnytting

Inntektsramma for 2018 er tildelt i samsvar med de etablerte inntektsfordelingsmodellane mellom helseføretaka i regionen.

Basert på foreløpig bestilling frå Helse Vest RHF gitt medio november, har Helse Fonna lagt inn ein aktivitetsvekst på 1,44 prosent frå 2017 til 2018.

Ein realnedgang i inntektene frå Helse Vest på 1,2 prosent justert for aktivitetsvekst og deflator, genererer eit omstillingsbehov på om lag 36 millionar kroner.

Pr. oktober er overforbruket på personalkostnader på 24,5 millionar kroner. Dette meirforbruket må tas ned i 2018.

Det er forventa at bruken av eksisterande legemiddel vil gje ei ytterlegare auke i kostnadane med om lag 21 millionar kroner til neste år samanlikna med 2017 budsjettet.

Det signalisert ein auke i kostnadar knytt til Helse Vest IKT på omlag 7 millionar kroner. Dette er ikkje endelege tall frå Helse Vest IKT og det kan koma endringar.

Samla gir dette difor føretaket ei utfordring på om lag 90 millionar kroner i 2018 budsjettet. Dette krev omstilling.

Administrerande direktør innleia og orienterte om budsjettprosessen og om utfordringar knytt til eit stramt budsjett i 2018.

Økonomidirektør Jan Håvard Frøyland orienterte om «Budsjett Helse Fonna HF 2018» og svarte ut spørsmål frå styret.

Administrerande direktør og økonomidirektør viste til dei konkrete tiltaka som var presentert i styresaka.

Styret diskuterte årsaker, utfordringar og risiko i budsjettet.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret i Helse Fonna HF vedtek budsjett for Helse Fonna HF 2018
2. Styret i Helse Fonna HF gjer administrerande direktør fullmakt til å gjere endringar om rammevilkåra frå Helse Vest RHF blir endra
3. Styret i Helse Fonna HF gir administrerande direktør fullmakt til å gjere justeringar/endingar innanfor ramma av det vedtekne budsjettet

4. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør følgje opp økonomistyringa i høve til budsjett, og rapportere til styret på same format som i 2017
5. Styret ber administrerande direktør ivareta gode pasientforløp.

Sak 82/17 Investeringsbudsjett Helse Fonna HF 2018

Oppsummering

Helse Fonna investerer årleg i bygg, tekniske anlegg, medisinsk teknisk utstyr, IKT, køyretøy og anna utstyr. Midlane til investeringar skal sikre at bygg og tekniske anlegg i føretaket er forsvarlege og i tråd med myndigheitskrav og at føretaket har naudsynt medisinsk teknisk utstyr som sikrar god pasientbehandling.

Administrerande direktør ventar at finansieringsgrunnlaget til investeringar for 2018 vil bli 341,8 millionar kroner, inkludert lån over statsbudsjettet på 50 millionar kroner. Med eit investeringsbudsjett på 260,0 millionar kroner, inkludert 200 millionar kroner til ByggHgsd2020, vil ein kunne overføre 81,8 millionar kroner av finansieringsgrunnlaget til 2019. Dette vil vere med på å sette av kapital til vidare investering i nybygg.

Dei årlige investeringane i Helse Fonna er i hovudsak erstatning av eksisterande anleggsmiddel og det er difor ikkje lagt inn forventingar til gevinstar på desse prosjekta. For ByggHgsd2020 er det lagt inn gevinstar på 40 millionar kroner i 2021, med ei opptrapping til 45 millionar i 2022, ref. sak 33/17 om langtidsbudsjett. For dei regionale IKT prosjekta er det samla lagt inn ein gevinst på 28,1 millionar kroner i 2018. Denne gevinsten er spesifisert ned på klinikknivå, men ikkje på alle dei ulike prosjekta.

Administrerande direktør vil følgje opp framdrifta for prosjekta innan bygg, anlegg og resten av investeringane og fortløpande rapportere status til styret i Helse Fonna HF.

Budsjettet er drøfta med dei tillitsvalde 14.11.17 og handsama i arbeidsmiljøutvalet 15.11.17.

Vedtak [samrøystes]

1. Styret vedtek investeringsbudsjett for Helse Fonna HF for 2018
2. Administrerande direktør får fullmakt til å gjere naudsynte endringar om rammevilkåra frå Helse Vest RHF blir endra
3. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere justeringar og endringar innanfor ramma av det vedtekne investeringsbudsjettet

Sak 80/17 Rapport frå verksemda

Oppsummering

Administrerende direktør orienterte.

Resultatet for perioden syner eit underskot på 1,1 millionar kroner mot eit budsjettert overskot på 3,3 millionar kroner Dette gir eit negativt budsjettavvik på 4,4 millionar kroner. Akkumulert er underskotet på 7,5 millionar kroner som er 40,8 millionar kroner lågare enn budsjettert. Årsprognosen for 2017 er på bakgrunn av resultatet hittil i år, satt til 20 millionar kroner (ekskl. nedskriving).

Dei aktivitetsbaserte inntektene syner for perioden eit samla negativt avvik på 3,0 millionar kroner.

Varekostnadene knytt til eigen aktivitet viser totalt eit negativt avvik på 3,9 millionar kroner , og er knytt opp mot eit avvik på H resept legemidler, onkologiske legemiddel og behandlingshjelpemiddel.

Personalkostnadane inkludert inn leige av personell frå byrå viser denne månaden eit negativt avvik på 2,6 millionar kroner.

Andre driftskostnadar viser denne månaden samla sett eit negativt avvik på 0,9 millionar kroner.

Helse Fonna HF har fått tildelt 10,3 millionar i sysselsetjingsmidlar i 2017 som skal nyttast til vedlikehaldstiltak.

Likviditetsoversikten ved utgangen av månaden viser ein disponibel likviditet på 531,6 millionar kroner, noko som er 41,6 millionar kroner lågare enn førre månad.

Aktivitet og kvalitet

I månaden har det vore høgare aktivitet på poliklinikkane og lågare aktivitet på sengepostar enn planlagd.

Gjennomsnittleg ventetid for alle behandla pasientar var 60 dagar. Ventetida var 62 dagar innan somatikken (eigarkrav under 60 dagar), 34 dagar innan psykisk helsevern for vaksne (eigarkrav under 40 dagar), 33 dagar innan psykisk helsevern for barn og unge (eigarkrav under 35 dagar) og 23 dagar innan rusfeltet (eigarkrav under 35 dagar). Føretaket er såleis innanfor målkravet for ventetid for alle pasientar i psykisk helsevern og rusbehandling. Administrerende direktør ventar at målet blir nådd for alle pasientar innan årsslutt.

Talet på fristbrot har gått ned. For pasientar som ventar er det denne månaden monaleg færre fristbrot. 23 pasientar som ventar (0 prosent) har ikkje fått time innan fristen som er sett ved

utgangen av månaden. 86 pasientar (3 prosent) blei behandla etter fristen gjekk ut. Årsaker og tiltak er vist i rapporten.

23 pasientar hadde venta meir enn eitt år.

Fire av fem epikriser blei sendt innan fristen på sju dagar.

Utskrivningsklare pasientar

I oktober månad låg 52 pasientar til saman 143 døgn i sjukehusa i Helse Fonna etter at dei var melde utskrivningsklare til kommunane.

Korridorpasientar

2,2 prosent av sengedøgna i somatikken var i snitt på korridor i månaden.

Medarbeidar

Sjukefråveret i månaden var sju prosent.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning.

Sak 83/17 Årsplan for styret i Helse Fonna HF 2018

Oppsummering

«Møteplan for styret i Helse Fonna HF 2018» blei vedteke i styremøtet 29.09.17 sak 64/17

I denne styresaka legg ein årsplan 2018 med oversikt over planlagde styresaker 2018 fram for styret.

Temasaker i 2018 vil ta utgangspunkt i styringsdokumentet som blir gitt helseføretaka i føretaksmøte mars 2018.

Sakene vil bli presentert for styret slik det naturleg passer i forhold til interne tidsfristar og arbeidsprosessar.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF vedtek årsplan for 2018

Sak 84/17 Internrevisjon av Forskingsaktiviteten i Helse Vest

Oppsummering

Generelt gjev rapporten ein god gjennomgang som skildrar forskingsaktiviteten i Helse Vest. Rapporten tydeleggjer rolla forskning har i kunnskapsutvikling i alle helseføretaka. Vi deler hovudkonklusjonen frå revisjonen: Helse Vest si forvaltning av forskingsaktiviteten i helseføretaka i hovudsak følgjer opp gjeldande forskingsstrategi og vedtekne retningslinjer.

Revisjonen viser til at det berre er Helse Bergen som er i nærleiken av å oppnå det nasjonale målet om andel av dei totale driftskostnadane som går til forskning. Målet for andre enn Universitetssjukehus er at 1% av samla driftsutgifter går til forskingsføremål; i Helse Fonna gjekk 0,5% av kostnadane til forskning i 2016. Helse Fonna stod for 2% av alle søknadar om forskingsmidlar frå Helse Vest i 2016 og 1% av alle innstilte søknadar var frå føretaket. Revisjonen peikar særskilt på ansvaret Samarbeidsorganet har for å sjå til at fordelinga av forskingsmidlane sikrar eit balansert grunnlag for kunnskapsoverføring og kvalitetsforbetring i alle føretaka i Helse Vest.

Tilrådingane frå Helse Fonna blir sendt til Helse Vest RHF.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tek rapporten til etterretning, og ber administrerande direktør følgje opp tilrådingane i rapporten.

Saker til orientering

Sak 76/17 Eventuelt Skriv og meldingar

Skriv og meldingar

1. Årsplan for styret i Helse Fonna 2017
2. Protokoll frå styremøte i RHF 07.09.17
3. Vedtak - plassering av finansieringsansvaret for legemidler mot ulike krefttilstander og hudsykdommer, mage,/tarmsykdommer og revmatisk sykdom fra 1.desember 2017
4. Brev til styret i Helse Fonna og brukarutvalet. Psykologteneste i Sauda og Suldal
5. Brev til Helse Vest styret

Skriv og meldingar blei tatt til orientering.

Sak 79/17 Administrerende direktør si orientering

Lukka etter Helseføretakslova § 26a, andre ledd, punkt 1 og 5.

4. Bygg Haugesund2020

Prosjektdirektør Laila Nemeth orienterte om planlagt arbeid med byggegrop og atkomstplass, tidsplan og rekkefølge på arbeidet.

Det ble informert om forhandlingar og reguleringsplanvedtak.

7. Legevakt - ambulansestasjon Haugesund/Karmøy.

Administrerende direktør orienterte om planar og forhandlingar pr. i dag angående mogleg framtidig felles legevakt Haugesund/Karmøy i nytt bygg.

8. Personalsak

Vedtak [samrøystes]

Styret tek meldingane til orientering

Ref. Ingebjørg Kismul
24.11.17

Sett: Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Sett: Brian Bjordal	Nestleiar
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Gunnar Birkeland	Medlem
Sett: Solfrid Borge	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Tove Martha Callaghan	Medlem
Helge Espelid	Medlem